

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til melding om kraft frå land til Noa og Krafla oljefelt

Tilråding

Vestland fylkeskommune ber om at alternativ 1, med elektrifisering frå Kollsnes, leggjast bort. Dette er ikkje eit akseptabelt alternativ sidan det ikkje er tilgjengeleg kraft til ny landbasert industri i dette området, og det allereie er førespegla stor auke i forbruk her.

Vi ber om at alternativ 2, kraft frå Samnanger, prioriterast i Vestland. Dette er eit sterkt punkt i nettet no, men må utviklast på ein god måte vidare for at Børdalen skal halde på statusen som attraktiv etableringsstad for ny grøn, kraftkrevjande industri. Etablering av eit betydeleg kraftuttak frå Børdalen må skje i tett dialog med kommune og etablerte aktørar i området.

Konsekvensutgreiinga må sjå på konsekvensar for næringsutviklinga i dei ulike områda rundt dei tre tilkoplingsalternativa.

Alternativ 1. Kollsnes

Dette alternativet meiner Vestland fylkeskommune ikkje er aktuelt å gå vidare med. Det er brei politisk einigheit om dette i Fylket og kommunane rundt Bergen og i Nordhordland. Kraftnettet i regionen er allereie maksimalt utnytta og fleire aktørar ventar i kø på å få kopl seg på for å ta ut meir kraft av nettet.

Det er for oss vanskeleg å tru at det er interessant for tiltakshavar å søkja om tilknytning til nettet her då dei veit at dette ikkje er ei god løysing, og at dei kan vera nøyddde til å venta i fleire år på at det vert nok kapasitet her til at dei kan kopl seg på. Statnett har rådd tiltakshavar til å gå bort frå dette alternativet då dette hindrar samfunnsutvikling i regionen. Alternativet med tilkopling frå Samnanger vart lansert av Statnett som alternativ sidan dei såg på kraftuttak frå Kollsnes som ei svært dårleg løysing.

I meldinga omtalar tiltakshavar at det kan verta tilgjengeleg tilstrekkeleg kapasitet for 140 MW nytt forbruk her i 2026. Det er mange som vil konkurrere om den nye kapasiteten som vert tilgjengeleg ved utbetra nett. Vestland fylkeskommune har vore klar på at ny frigjeven kapasitet må prioriterast til ny grøn industri på land. Ikkje til elektrifisering av sokkelen.

At dette alternativet er med i denne meldinga er noko underleg for oss sidan det over lengre tid har vore kjend at det er mangel på kapasitet i nettet her. Grunna kortare lande på sjøkabel er dette truleg eit billegare alternativ å byggja ut, men konsekvensane av denne billege utbygginga vert truleg dyre å handtera for samfunnet, og regionen spesielt. NVE må leggje vekt på kraftforsyning til landbasert industri og utfordringane i ytre ring i Bergensområdet.

Alternativ 2. Samnanger

Meldar er meir optimistisk til kor mykje ledig kapasitet det er i nettet i dette tilkoplingspunktet. Dei ser det som sannsynleg å få knyta seg til nettet her utan særskilde vilkår. Med dette meiner dei truleg vilkåret som gjeld mogelegheit for å kopla ut straumuttaket når nettet er under særleg press. Vi meiner at industri og næring på land må kunne prioriterast også her. Etter vårt skjønner bør difor likevel dette vilkåret vurderast viss det er slik at tiltaket elles kan hindre vidare utvikling i området.

Samnanger er eit sterkt punkt i nettet i dag. Statnett la fram på kraftsystemmøte for Vestlandet i år at spenningsoppgradering av 300 kV lina sørover frå Samnanger truleg vert aktuelt for å styrka nord-sør-kapasiteten i vest. Dette, saman med spenningsoppgradering frå Sogndalsnippet gjer at Samnanger truleg vert eit sterkt punkt i lang tid framover.

Inngrepa som trengst i Samnanger ved val av dette alternativet vil ha nokre negative konsekvensar for landskapet i det gjeldande nærområdet. Det er ikkje gått detaljert inn på dette i meldinga, men ei parallellføring av ny line med eksisterande 300 kV leidning kan dempa desse konsekvensane. Vestland fylkeskommune rår utbyggjar til å følgja ønska til Samnanger kommune her. Samnanger ber om at traséen til Barmen som følgjer noverande linje prioriterast.

Det ligg føre fleire utviklingsplanar i Børdalen i Samnanger. Nytt kraftuttak herifrå må ikkje stikka kjeppar i hjula for desse planane. Uttaket i Børdalen må etablerast slik at dette ikkje hindrar planane for etablering av REGN datasenter, og heller ikkje vanskeleggjer spenningsoppgradering av 300 kV-linene inn og ut frå koplingsstasjonen.

Alternativ 3. Gismarvik

Vestland fylkeskommune har ikkje tilstrekkeleg kunnskap om alternativ 3 til å gje uttale om dette.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift